

# Årsmelding for 2019.

**Styret har hatt fylgjande samansetjing etter årsmøte 26.02.2019.**

Leiar            Toril Nicolaisen

Nestleiar       Gunn Gardsjord

Kasserar       Øyvind Solbakken

Styremedlem Tore Tjønn

Styremedlem Birger Kjelingtveit

Styremedlem Solveig Loftsgarden

Varamedlem Jorunn Hestmann ( skriver )

Varamedlem Ingerid Hayes

## **Arbeid i laget.**

Dette styret har hatt 10 styremøte i 2019. Medlemstalet i laget var 134 ved årsskiftet.

## **Temagruppa.**

Temagruppa har fem medlemmer: Asbjørn Gardsjord ( leiar ), Torunn Dagaland, Kari Hallsten, Olav H. Nystog og Sindre Hestdalen.

Temakveldane blir arrangert i Vesaas-salen på Raulandsakademiet. Det har vore godt frammøte på dei seks møta gjennom året med mellom 50- 80 frammøtte.

- 22.01.19.      **Ljos og kraft, folk og arbeid** ved lokalhistorikar Nils Johan Rønniksen.
- 19.02.19.      **Dyreliv og oppsyn** ved Knut Nyland i Statens naturoppsyn, Skinnarbu.
- 26.03.19.      Jon Godal om **barndom på Rauland og sitt omfattande virke gjennom 82 år.**
- 24.09.19.      Redaktør Ove Mellingen i Telemarksavisa foredrag - **få høve til å bu og leva der ein høyrer heime.**
- 19.10.19.      Forfattar Svein Sæter : **Krig, Mor og Bror- Ottar Hauglands kamp mot nazismen.**
- 21.11.19.      **Krafthistorie- landet og bygdene blir endra** ved Rune Lødøen, tidlegare rådmann i Vinje kommune, Tokke kommune og Tinn kommune.

I tillegg var det eit fellesarrangement mellom Historielaget og Folkeakademiet:

21.10.19. Tore Kvæven med foredrag om si eiga bok **Når landet mørknar** m.m.

### **Bygdekunstgruppa.**

Minneutstilling for Åsne Svalastoga Ofte ( 1920-2011 ) blei vist i Galleri Sondov i tida 26.05.-04.08.19. Bygdekunstgruppa ved Gunn Gardsjord og Wenja Rui sto bak utstillinga i samarbeid med Aslak Ofte og Johanne Lillefossen, og med Åsne Kvåli som ansvarleg for opphenginga.

Ved opninga 26.05.19 heldt kvedaren Øyunn Groven Myhren konsert med ballader og andre folkeviser. Rundt 70 møtte.

### **Kulturprisfest.**

Åsta Østmo Kostveit fekk i 2018 Vinje kommune sin kulturpris etter forslag frå Rauland historielag. Kulturprisen blei utdelt på kommunestyremøte i mai . Laget stelte til kulturprisfest for Åsta på Raulandsakademiet 16.11. med eit variert program frå familien, Viser og dikt og Historielaget. Under middagen kom det helsingar frå Universitetet i Sør -Øst, Raulandsakademiet AS, Vinje kommune, Rauland sanitetslag, Vinje-Rauland pensjonistlag. Det kom 80 påmeldte gjester.

### **Minne- og miniutstilling.**

I samband med hundreårminnet for Miling Svalastog blei det skipa til ei miniutstilling på Dyre Vaa samlingane 22-24.november. Historielaget sitt årsskrift for 2019 blei lansert der laurdag 23.november. Dette var eit fellesarrangement mellom privatpersonar, Vest-Telemark museum og Rauland historielag. Rundt 100 stk var innom i løpet av helga.

### **Turar.**

14.06.- 16.06.19. Tur til **Stavanger, Farsund, Lista og Lindesnes**.

Avreise frå Rauland fredagsmorgen over Suleskard til Stavanger med overnatting der etter byvandring og besøk på Oljemuseet. Laurdag gjekk turen til Farsund med stopp ved Hå gamle prestegard, Lista fyr, guida tur og rundtur på « Det amerikanske Lista». Sundag gjekk turen heimatt via Lindesnes fyr med tårnbesøk og guiding.

22 var med på turen. Birger Kjelingtveit var reiseleiar og Bjørn Gudmund Larsen som turarrangør.

22.09.19.Tur gjennom **Dyrlandsdalen over Vasen til Rømjomsgrendi i Åmotsdal**.

Ein tur i samarbeid mellom Seljord sogelag og Rauland historielag. Eivind Dyrland var med som kjentmann og turleiar. 12 frå Rauland og 21 frå Seljord deltok på turen.

### **Arkeologiske vandringar.**

Det var ei arkeologisk vandring med til **Gravhaugane og Vettelunden** i Vå 4. september . 10 stk tok turen dit.

## **Lokalhistorisk arkiv.**

Dette året har ikkje Rauland Historielag hatt noko ansvar for Lokalhistorisk arkiv.

## **Støtte til:**

1. Tur for elevar ved Rauland skule til konsentrasjonsleiren i Auschwitz – kr. 6.000,-.
2. Rauland husflidslag kr. 10.000,- til kurs for barn og unge.
3. Musikkinnslag på opninga av miniutstilling Miling Svalastog kr. 500,-.

## **Olsokvandring**

Som tidlegare var dette eit samarbeid med soknerådet. Laget står for vandringa på kyrkjegarden medan soknarådet styter for olsokgrauten. Grauten blei servert etter messa ute på kyrkjebakken.

Det var stopp ved desse gravene i år:

- Gunhild Hovden v/ Gunn Gardsjord
- Signe Graasvold v/ Andi Graasvold
- Herbjørn Vaa v/ Gro Vaa
- Miling Svalastog v Erling Svalastog
- Halvor Nicolaisen v/ Toril Nicolaisen

## **Årsskrift 2019.**

Det blei nytt årsskrift for 2019. Skriftstyret var : Birger Kjelingtveit, Jorunn Hestmann og Ingrid Skjøtskift med tema : Driftetrafikken, Åmyri, Tysklandsbrigade og Miling Svalastog 1919-2019. I tillegg ein stil skriven av Helga Landsverk. Opplag 500.

## **Boksal 2019.**

Salet av bøker har gått jamt og trutt. Salsstader er : Spar Rauland, Rauland Servicesenter (Esso ), Vinjebue, Haugsæl, Kviteseid Bok og papir, Ark Bokhandel Seljord, Akademika Bø og Rjukan Libris. Årsskriftet er også til sals på Telemarkstunet.

Det er også høve til å bestille bøker ved å sende post til Rauland Historielag eller e-post til [mail@raulandhistorielag.no](mailto:mail@raulandhistorielag.no)

## **Stadnamnsprosjekt i Vinje kommune.**

Dette er eit arbeid som er sett igang av Vest-Telemark Museum og gjeld digitalisering av stadnamn i Vinje kommune. Det skal takast utgangspunkt i dei stadnamna som alt er registrert og få dei plasser på kart med namn og evt ndre opplysningar. Historielaget er ein av deltakarane saman med lag/personar frå dei andre sokna i kommunen. Per Ormestøy er

prosjektleiar. Birger Kjelingtveit er Historielagets representant i styringsgruppa. Vinje kommune har løyvd kr. 100.000,- til prosjektet.

### **Lagets heimeside – raulandhistorielag.no**

Heimesida har oppdaterte opplysingar om aktiviteten i laget så som temakveldar, turar og andre arrangement. På heimesida er det også ei biletsamling. Der er elles informasjon om laget. Birger er ansvarleg for drift og oppdatering av heimesida.

### **Økonomien i laget.**

Økonomien i laget er god, men rekneskapen syner eit underskott på kr 22.385,14. Laget har hatt fleire større arrangement dette året.

### **Takk for godt samarbeid.**

Styret vil takke for godt samarbeid i året som gjekk til medlemmer og andre som har vore med å støtte opp om arbeidet i Rauland Historielag.

For styret i Rauland Historielag

Toril Nicolaisen